



# Vik kommune

---

Tenestetorg

Landssamananslutninga av vasskraftkommunar  
c/o advokatfirma Lund & Co DA  
Postboks 1148 Sentrum  
0104 OSLO

Vår ref.	Dykker ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
11/554-3		Anne Guri Schrøder		K1-232	22.06.2011

## MELDING OM VEDTAK

### Maksimumspris ved taksering av kraftanlegg - uttale

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

#### 20.06.2011 KOMMUNESTYRET

Rådmannen orienterte om saka og gjekk gjennom utkast til uttale fra Vik kommune.

#### KS-036/11 VEDTAK:

Vik kommunestyre gjev slik uttale i høyringssak om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk:

Finansdepartementet sine forslag til endringar kan oppsummerast slik:

1. Minimums- og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftverk vert ført vidare.
2. Det vert tilrådd ei viss inflasjonsjustering for åra framover.
3. Ein vurderer ein auke i risikotillegget i kapitaliseringsrenta og om det er grunnlag for å gå nærmare inn på den risikofrie renta.

Vik kommune meiner at Finansdepartementet i sitt høyringsnotat har unnlatt å nemna:

1. At ordninga med minimums- og maksimumsverdi var tenkt å vera mellombels.
2. At Stortinget aldri har meint å gå bort frå det grunnleggjande prinsippet om å treffa eigedomen sin reelle omsetningsverdi.
3. At alle andre eigedomskategoriar vert taksert etter reell omsetningsverdi.

---

Postadr.:	Telefon:	57 69 82 00	Bankgiro:	Org.nr	E post:	Heimeside
Vik kommune Postboks 134 6891 Vik i Sogn	Telefaks:	57 69 82 01	3800.07.15600 m/kid 3800.07.00042 u/kid	937498764	<a href="mailto:post@vik.kommune.no">post@vik.kommune.no</a>	<a href="http://www.vik.kommune.no">www.vik.kommune.no</a>

4. At naturressursskatten går til utjamning i inntektssystemet og har vore konstant frå innføringstidspunktet.
5. Finansdepartementet hevdar at primærkommunane sine inntekter har auka "betydelig" dei siste åra. Det ein ikkje opplyser er at storparten gjeld utbytte og grunnrenteskatt som i stor grad har kome staten og Oslo kommune til del.
6. Finansdepartementet viser kva konsekvens ei oppheving at maksimumstaket vil få for kommunane sin egedomsskatt, men tek ikkje med konsekvensen av ev. auka kapitaliseringsrente.

**Konklusjon:**


Tala viser at Vik kommune har nådd taket for egedomskatt. Realverdien har gått ned og vil gå ytterlegare ned framover dersom maksprissystemet vert behalde. Dette skjer i ei tid då kraftprisar og eigarutbyte aukar vesentleg.

Vik kommune vil på det sterkeste tilrå at maksimumsverdien for utskriving av egedomsskatt på kraftverk vert fjerna. I så fall kan kapitaliseringsrenta hevast, men berre til eit stabilt og føreseieleg nivå. Etter kommunen sitt syn bør dette kunna vera på 5,0–5,5 %. Dette vil gje ei moderat inntektsauke for dei 200 kommunane dette gjeld.

Vik kommune viser elles til uttalen frå LVK som kommunen gjev sin fulle tilslutning til.

Samrøystes.

Med helsing

  
Oddbjørn Ese  
Rådmann

  
Anne Guri Schröder  
Leiar Tenestetorg